Viser til «Retningslinjer for risikostyring i Helse Vest» versjon 4.0 for 2012 som vart behandla og godkjent av Helse Vest RHF i styresak 033/12 «Gjennomføring av risikostyring i føretaksgruppa i helse Vest, revidering av retningslinjer».

Fakta

Administrasjonen har utarbeid ei vurdering av status på risiko per utgangen av 3. tertial 2020. For detaljar rundt styringsmål, delmål, suksessfaktorar og risikoelement vert det vist til vedlegg 1 til sak 039/20 og vedlegg 1 til sak 059/20. Det overordna risikobiletet er presentert nedanfor, både etter 2. og 3. tertial. Meir informasjon er lagt fram i vedlegg 1.

Risikomatrise 2. tertial 2020:

Konsekvens						
Sannsynlighet		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			1.1C, 3.1A, 3.1B, 5.1B, 5.1C, 5.1D, 5.2D	2.2B	
	Moderat			1.2A, 1.1D, 2.1A, 2.1C 3.1D, 4.1D	1.1B, 1.1E, 1.2C, 2.1B, 3.1C, 4.1B, 4.1C, 4.1D	
	Liten		1.1A	4.1A, 5.1A		
	Svært liten					

Risikomatrise 3. tertial 2020:

Konsekvens						
Sannsynlighet		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			1.1C, 3.1A, 3.1B, 5.1C,		
	Moderat		1.1A	1.2A, 1.1D, 2.1C, 3.1D, 4.1D, 5.2D	1.1B, 1.2C, 2.1A 2.1B, 2.2B, 3.1C,	
	Liten			4.1A, 5.1A, 5.1B, 5.1D,	1.1E	
	Svært liten			4.1B, 4.1C, 4.1D		

Fylgjande skalaer for sannsynlegheit og konsekvens er brukt. Dette er i samsvar med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.

Sannsynligheit		Konsekvens	
<i>Svært liten</i>	<i>Skjer tilnærma ikkje/er ikkje tilfelle</i>	<i>Ubetydeleg</i>	<i>Ingen betydning for måloppnåinga</i>
<i>Liten</i>	<i>Vil skje sjeldan/er sjeldan tilfelle</i>	<i>Lav</i>	<i>Liten betydning for måloppnåinga</i>
<i>Moderat</i>	<i>Kan skje/vere tilfelle</i>	<i>Moderat</i>	<i>Vil ha innverknad på måloppnåinga</i>
<i>Stor</i>	<i>Vil med stor sannsynligheit skje/vere tilfelle</i>	<i>Alvorleg</i>	<i>Betydeleg innverknad på måloppnåinga</i>
<i>Svært stor</i>	<i>Vil skje/er tilfelle</i>	<i>Svært alvorleg/kritisk</i>	<i>Svært stor innverknad på måloppnåinga</i>

Konklusjon

Eit område er endra frå gult til grønt. Området som tidlegare er rapportert som raudt er no i 3. tertial justert ned til gul. Administrasjonen er av det syn at risikovurderinga viser ein handterleg situasjon for Helse Vest IKT per utgangen av 3. tertial 2020.

Administrasjonen er, i tråd med tidlegare drøftingar i styret, positive til ei endring av arbeidet med risikostyring, jfr. notat frå Helse Vest RHF om topp 5 risikoområder.

Rapportering av risiko for Helse Vest IKT AS per 3. tertial 2020

Risikomatrise per 3. tertial 2020:

Sannsynlighet	Konsekvens					
		Ubetydeleg	Lav	Moderat	Alvorleg	Svært alv./kritisk
	Svært stor					
	Stor			1.1C, 3.1A, 3.1B, 5.1C,		
	Moderat		1.1A	1.2A, 1.1D, 2.1C, 3.1D, 4.1D, 5.2D	1.1B, 1.2C, 2.1A 2.1B, 2.2B, 3.1C,	
	Liten			4.1A, 5.1A, 5.1B ,5.1D,	1.1E	
	Svært liten			4.1B, 4.1C, 4.1.D		

Fylgjande skalaer for sannsynlegheit og konsekvens er brukt. Dette er i samsvar med retningslinjer for risikostyring i Helse Vest.

Sannsynlighet		Konsekvens	
Svært liten	Skjer tilnærma ikkje/er ikkje tilfelle	Ubetydeleg	Ingen betydning for måloppnåinga
Liten	Vil skje sjeldan/er sjeldan tilfelle	Lav	Liten betydning for måloppnåinga
Moderat	Kan skje/vere tilfelle	Moderat	Vil ha innverknad på måloppnåinga
Stor	Vil med stor sannsynlighet skje/vere tilfelle	Alvorleg	Betydeleg innverknad på måloppnåinga
Svært stor	Vil skje/er tilfelle	Svært alvorleg/kritisk	Svært stor innverknad på måloppnåinga

OVERORDNA MÅL:		Helse Vest IKT skal bidra til forenkling av pasientbehandlinga
Styringsmål 1	Helse Vest IKT skal sørge for stabil drift med god kosteffektivitet, høy brukertilfredshet og god informasjonstryggleik	

Delmål 1A	Sikre fortsatt høg brukartilfredsheit ved å halde SLA (levere på løysingstid på episodar og leveransar, samt på servicegrad for telefon gjennom 2020).		
Kritisk suksessfaktor 1.1A: Leverer over 80% servicegrad på telefon ihht. SLA med forventa auke i aktivitet.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1A : Det er risiko for å ikkje kunne levere i henhold til SLA før grunna mange store prosjekt som går i produksjon; Libra, Ferd (Sectra), ODA (DIPS Arena), generell økt bruk av IKT-system.			
Kritisk suksessfaktor 1.2A: Leverer på episoder/leveranser ihht. SLA med forventa auke i aktivitet.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.2A : Det er risiko for å ikkje kunne levere i henhold til SLA før grunna mange store prosjekt som går i produksjon; Libra, Ferd (Sectra), ODA (DIPS Arena), generell økt bruk av IKT-system.			

Delmål 1B	Endringar blir gjennomført med god dokumentasjon som sikrer god kontroll over alle avhengigheter i vår infrastruktur		
Kritisk suksessfaktor 1.1B: Oppdatering av avhengigheter til eit system og etablering av automatikk som sikrar kontroll på relasjonar over kritiske komponentar			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1B: Endringar blir utført med feil. Rutinar blir ikkje følgt. Ei endring viser seg å ha større risiko enn først antatt.			
Delmål 1C	Sikre og vidareutvikle god bruk av EPJ løysinger for Helse Vest		
Kritisk suksessfaktor 1.1C: Kompetansebygging på DIPS Arena, Meona, DMA(sectra), Imatis, mm.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1C: Opplæring av tilsette i IKT-fagsenter blir ikkje prioritert i prosjekta. Utfordringar med å rekruttere personell frå helseføretaka til arbeid med brukarstøtte			
Kritisk suksessfaktor 1.2C: Tilsette har tilstrekkelig kompetanse til å dokumentere helsehjelp og til å finne relevant helseopplysningar i EPJ systema.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.2C: Ledere er ikkje kjent med kurstilbud, eller prioriterer ikkje opplæring for sine tilsette			
Delmål 1D	Vidareutvikle IKT-infrastruktur som ein grunnmur for å kunne ta i bruk nye tenester.		
Kritisk suksessfaktor 1.1D: God verktøystøtte og høg grad av automatisering.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1D: Dagleg drift tar alle ressursane, slik at Helse Vest IKT ikkje får prioritert dette for eigne leveransar og tenester.			
Delmål 1E	Rett balanse mellom drift og program/prosjekt		
Kritisk suksessfaktor1.1E: Felles planlegging på tvers av Helse Vest IKT for å sikre at «stabil drift» vert oppretthalde.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 1.1E: Manglande samarbeid, manglande felles forståing, manglande prioritering.			

Styringsmål 2	Helse Vest IKT skal bidra til å gjere pasientbehandligna enklare ved utvikling av tenester i nær dialog med føretak og brukarar.
----------------------	---

Delmål 2A	Bidra til kontinuerlig utvikling av IKT-løysingar gjennom å legge til rette for eit tett samarbeid med helseføretaka og med dei ulike leverandørane av teknologi og løysingar		
Kritisk suksessfaktor2.1A: God samhandling mellom einingar i Helse Vest IKT og med våre systemansvarlege i sjukehusa for å sikre heilskapelege leveransar til sjukehusa som treff deira behov			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.1A Uklare rolleavklaringar mellom avdelingar og seksjonar og utydelege behov eller krav frå våre kundar			

Delmål 2 B	Bidra til gjennomføring av regional prosjektportefølje og lokale prosjekt (t.d. byggprosjekt) ved å allokere ressursar og ferdigstille leveransar i tråd med prosjekta sine behov.		
Kritisk suksessfaktor 2.1B: Helse Vest har felles prioritering og ein samstemt, realistisk masterplan for program og prosjekt.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.1B: Urealistiske rammevilkår for prosjekta – knytt til tid, kost, innhald, samt tilgang til personell og tekniske kapasitetar (t.d. testmiljø). Dette kan føre til lågare kvalitet i leveransar, forseinkingar, kostoverskridingar og høgare turnover blant tilsette. Utydelege avhengigheitar og samanhengar <u>mellom</u> prosjekta hindrar effektiv framdrift.			

Kritisk suksessfaktor 2.2B: Regional prosjektportefølje er føremålstenleg organisert og godt samordna med byggprosjekt og relevant nasjonal prosjektportefølje			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 2.2B: Lite føremålstenleg organisering reduserer framdrift i prosjekta, fører til overlapp eller dårleg samanheng mellom løysingar, og/eller fører til dårleg ressursutnytting og difor høgare kost (mykje administrativ kapasitet vert nytta til å sikre tilstrekkeleg bemanning av dei enkelte prosjekta).			

Styringsmål 3	Helse Vest IKT skal bidra til heilskapleg styring av prosjektportefølje, arkitektur og innovasjon		
----------------------	--	--	--

Delmål 3 A		Auke kvalitet og effektivitet i prosjektporteføljestyring og prosjektgjennomføring, samt betre samanhengen med føretaksgruppa sine strategiske målsettingar.		
Kritisk suksessfaktor 3.1A: Levere porteføljere ressursar til Felles Arkitektur- og Porteføljekontor som tar ansvar for vidareutvikling av porteføljestyringa.				
		Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1A: Kompliserte samanhengar og rammevilkår i porteføljen reduserer muligheitene for betre kvalitet og høgre effektivitet.				
Delmål 3 B		Betre praksis for arkitekturstyring og arkitekturarbeid i prosjekt og program slik at føretaksgruppa gjer betre prioriteringar av endringstiltak, samt aukar kvalitet og effektivitet i gjennomføring av tiltaka, også sett i samanheng med føretaksgruppa sine strategiske målsettingar.		
Kritisk suksessfaktor3.1B: Levere arkitektressursar til Felles Arkitektur- og Porteføljekontor, og arkitekttenester til program/prosjekt og til føretaka slik at målbildet for verksemdsarkitektur blir vidareforedla, og at endringar gjennom t.d. prosjektleveransar vert gjennomført i tråd med målbildet.				
		Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1B: Manglande kapasitet, modning og evne til heilskapleg arkitekturstyring.				
Delmål 3 C		Medverke til auka satsing på innovasjon i samsvar med Helse Vest sin innovasjonsstrategi, der teknologi spelar ei vesentleg rolle og der målet er gode brukaropplevingar.		
Kritisk suksessfaktor 3.1C: Helse Vest IKT er ein reell bidragsytar i innovasjonsarbeidet i Helse Vest på ny teknologi og på gode brukaropplevingar for tilsette, pasientar og pårørande.				
		Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1C: Manglande samhandling i føretaksgruppa innan innovasjonsarbeid og manglande fokus på brukaropplevingar.				

Delmål 3 D	Tydeligare krav i kontraktar og tettare oppfølging av leverandørar. Læring av erfaringar med ulike leverandører og deira evne til å levere på tid, kost og/eller kvalitet.		
Kritisk suksessfaktor 3.1D Helse Vest IKT implementerer ITIL prosessen Leverandøroppfølging			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 3.1D: Det er få, men store kontraktar som vert tildelt. Leverandørmarknaden for løysingar til helseføretak er avgrensa, med få leverandører som har tilstrekkelig styrke til å utvide sine leveransar utover eksisterande kundebase. Ansvar for kontraktar og oppfølging av desse er samla hos eit avgrensa tal medarbeidarar.			

Styringsmål 4	Helse Vest IKT skal ha HMS som ein sjølvstendig del av arbeidsdagen, og sikre riktig kapasitet og kompetanse som understøtter selskapets leveransar.
----------------------	---

Delmål 4 A	HMS-strategi er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk. Det skal leggst til rette for ein god meldekultur der meldesystem vert nytta for uønskete hendingar.		
Kritisk suksessfaktor 4.1A: Informere om HMS-strategi i kurs for nyttilsette, leiarsamlingar mv., samt følge opp melding om uønskete hendingar i meldingssystemet Synergi.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1A: Ulik oppfølging, mangelfull oppfølging, mangelfull informasjon.			
Delmål 4 B	Halde turnover på eit hensiktsmessig nivå.		
Kritisk suksessfaktor 4.1B: Ivareta eit godt arbeidsmiljø med engasjerte medarbeidarar som har spennande oppgåver og opplever at dei har ein trygg arbeidsplass med gode utviklingsmuligheiter.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1B: Arbeidspress kan bli for stort, konkurranse frå andre verksemdar kan auke, manglande tid til kompetanseutvikling.			
Delmål 4 C	Sikre god rekruttering av nye medarbeidarar.		
Kritisk suksessfaktor 4.1C: Helse Vest IKT må være ein attraktiv arbeidsgjevar som tilbyr spennande oppgåver, godt arbeidsmiljø og utviklingsmuligheit			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1C: Når ikkje fram til aktuelle søkarar, tilbyr ikkje konkurransedyktig løn.			
Delmål 4 D	Halde sjukefråværet på akseptabelt nivå		
Kritisk suksessfaktor 4.1D: Helse Vest IKT gjennomfører god smitteførebygging ihht til råd frå helsemyndigheter. Bruker «føre var» prinsippet og har låg terskel for å bruke heimekontor dersom ein ikkje er «heilt i form» eller for å unngå risiko for smitte.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 4.1D: God handhygiene blir gløymt i en travel kvardag. Papir og armkrok blir ikkje brukt ved hoste/nysing. Møter på jobb, sjølv om ein er sjuk.			

Styringsmål 5	Helse Vest IKT skal handtere Covid-19 ved å ha fokus på stabil drift, bidra til god IKT-støtte i denne situasjonen for helseføretaka og utføre dei planlagde aktivitetane som kan gjennomførast.
----------------------	---

Delmål 5 A	Sikre stabil drift på infrastruktur og programvare		
Kritisk suksessfaktor 5.1A Endringar utførast med streng kontroll og utan feil på infrastruktur og programvare i etterkant. God dialog med berørte helseføretak rundt endringar som krev tilgang til deira bemanning, planlagt nedetid eller som gir endringar i brukaropplevelse			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 5.1A Endringar blir utsatt for lenge og teknisk gjeld blir akkumulert. Opphopning av viktige endringar som må utførast i ein kortare periode aukar kompleksitet.			
Delmål 5 B	God IKT-støtte til helseføretaka		
Kritisk suksessfaktor 5.1B Vi klarer å levere nye løysningar på HFa sine nye behov.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 5.1B Underleverandører er tomme for utstyr. HFa sine behov endrar seg underveis utan at vi oppdagar det. Nye løysningar blir arbeida med for lenge utan at det treff HFa sine behov. Nye løysningar stemmer ikkje med strategiske mål.			
Delmål 5 C	Smidig handtering av porteføljen		
Kritisk suksessfaktor 5.1C Tilpassa styringsstruktur med delegert mandat som mogleggjer raske vurderingar, prioriteringar og avgjerder.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 5.1C Einsidig prioritering av kortsiktige framfør langsiktige initiativ. Dette kan gi endra rammevilkår og forseinkingar for regionale program og prosjekt, noko som og kan ha konsekvens for byggprosjekt i helseføretaka.			
Delmål 5 D	Oppretthalde planlagd aktivitet som kan gjennomførast		
Kritisk suksessfaktor 5.1D Gjennomføre aktivitet sjølv om arbeidsform er endra og fleire deltek frå heimekontor. Sikre gjennomføringsevne i god balanse med risikostyring.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 5.1D Nye arbeidsformer, for eksempel utstrakt bruk av heimekontor blir ei hindring for effektivt arbeid. For stort risikofokus hindrar gjennomføring av nødvendig planlagd aktivitet.			
Delmål 5 D	Oppretthalde planlagd aktivitet som kan gjennomførast		
Kritisk suksessfaktor 5.2D Tilstrekkeleg endringskapasitet og –vilje i helseføretaka.			
	Tertial 1	Tertial 2	Tertial 3
Risikoelement 5.2D Redusert tilgang til ressursar frå Helse Vest IKT, helseføretaka og leverandørar i planlagde endringsprosjekt.			

SAK 094-20

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 03.12.2020

SAKSHANDSAMAR: Maria Fehr Johansen, Øyvind Røen, Leif Nordland, Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Utkast til årlig melding til Helse Vest RHF for 2020

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 094/20 B

STYREMØTE: 10.12.2020

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner utkast "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2020", med dei merknadane som kom fram under handsaming av saka.
2. Administrasjonen innarbeider innspel og oversender endeleg versjon av "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2020" innan fristen 15. januar 2021.

Oppsummering

Administrasjonen har utarbeida eit utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2020". Administrasjonen ber styret om innspel til utkastet. Administrasjonen vil innarbeide innspel frå styret i endeleg versjon av dokumentet som skal oversendast til Helse Vest RHF innan fristen 15.01.2021.

Fakta

I styringsdokumentet for Helse Vest IKT for 2020 er det i punkt 5 "Rapportering" teke med fylgjande om årleg melding:

«5.3 Årleg melding

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2021.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årleg melding er 15. januar 2021. Meldinga er med på å danne underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast om alle krav og mål for 2020 nemnde i styringsdokumentet. I løpet av hausten 2020 vil det bli sendt ut ein mal for årleg melding som Helse Vest IKT AS skal bruke.»

Administrasjonen har mottatt mal frå Helse Vest RHF for årleg melding og nytta denne som *grunnlag* for framlagt utkast til melding.


Drøfting

Styret har tidlegare gitt innspel om at den generelle delen av årleg melding i mindre grad bør fokusere på korleis Helse Vest IKT er organisert og kva oppgåver som i detalj er utført, og i større grad fokusere på kva effektar Helse Vest IKT bidrar med overfor helseføretaksgruppa Helse Vest RHF. Administrasjonen har lagt desse føringane til grunn for utkast til kapittel 1 i årleg melding.

Utkastet til årleg melding er enno ikkje tilstrekkeleg gjennomarbeida og korrekturlest! Dette vil bli gjort før oversending til Helse Vest RHF innan frist 15.01.2021.

Konklusjon

I lys av at frist for oversending til Helse Vest RHF er 15.01.2021, har administrasjonen valt å utarbeide ein førebels versjon. I den grad det kjem til relevant informasjon i siste del av desember 2020, vil dette også bli innarbeid i den endelige versjonen.



Årleg melding 2020

Helse Vest IKT AS

Innhold

1	<i>Innleiing</i>	4
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat i 2020.....	4
1.2	Overordna strategi for verksemda - Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan	13
2	<i>Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS...</i>	14
2.1	IKT utvikling og digitalisering.....	14
2.1.1	Helsefellesskap	14
2.1.2	Utviklingsplanar	15
2.2	Betre journal og samhandlingsløysing.....	15
2.3	Flytte spesialisthelsetenester heim til pasienten	16
2.4	Meir brukarvennlege løysingar for dei kliniske systema	16
2.5	Helsedataprogrammet.....	17
3	<i>Andre krav</i>	19
3.1	Beredskap og sikkerheit	19
3.1.1	Den nasjonale beredskapsøvinga SNØ 2021	19
3.1.2	Førebygging av angrep mot IKT-systema	20
3.2	Forsking og innovasjon	20
3.3	Bemanning, leiging og organisasjon	21
3.3.1	«Inkluderingsdugnad».....	21
3.3.1	Oppfølging av undersøkinga ForBedring	21
3.3.2	Handtering av bierverv	22
3.4	Oppfølging av forskrift for leiging og kvalitetsforbetring	22
3.5	Ansvarleg verksemd og klimarekneskap	22
4	<i>Ressursgrunnlaget og resultatkrav</i>	23
4.1	Finansieringsmodell	23
4.2	Balansekrav	23

1 Innleiing

1.1 Generelt – samandrag av positive resultat i 2020

Helse Vest IKT i beredskap under Covid 19-pandemien

Då Covid 19 gjorde sitt inntog i landet gjekk Helse Vest IKT i beredskap. Korleis arbeidde Helse Vest IKT eigentleg i denne krevjande tida og kva for ein type saker arbeidde dei med?

Koronasituasjonen førte til at Helse Vest IKT sette grøn beredskap frå og med fredag 13. mars 2020.

Beredskapsleiinga i Helse Vest IKT hadde frå og med denne dagen daglege beredskapsmøte og arbeidde i tråd med gjeldande Regional beredskapsplan og Helse Vest IKT sin kontinuitetsplan.

I tillegg til beredskapsleiinga vart det oppretta eit eget løysingsteam som arbeidde direkte med å finne løysingar på problemstillingar som dukka opp undervegs. Samansettinga av løysingsteamet vart kontinuerleg vurdert.

I lys av dette såg Helse Vest IKT seg godt rusta for å handtere situasjonen då pandemien gjorde at Noreg kom i unntakstilstand, og skular og barnehagar stengte ned 12. mars.

Mellom mars og fram til mai handterte selskapet omlag 120 forskjellige saker og problemstillingar i beredskapsleiinga og løysingsteamet. Det vart òg oppretta ei eiga koronaside på intranettet til Helse Vest IKT for å samle all relevant informasjon for tilsette. Under er det vist ein oversikt over kategoriane dei ulike sakene som vart handtert vart plassert i;

Generelt

I denne kategorien vart generelle saker rundt oppretting av beredskapsleiing og løysingsteam handtert. Ein fekk òg modellert sjølv [beredskapsprosessen](#) slik at teamet og leiinga hadde ei tydeleg beskriving av roller og organisering av beredskapsarbeidet i Helse Vest IKT.

Personell HR Samhandling

Her handterte beredskapsleiinga interne saker rundt personellet i Helse Vest IKT som til dømes utlån av personell til sjukehusa, kartlegging av helsepersonell, føringar for heimekontor, parkering for tilsette som måtte på kontoret og generell info rundt situasjonen intern i verksemda.

Stabil drift

Denne kategorien tok for seg ulike grep i systema og organiseringa for å raskare kunne følgje opp episodar relatert til korona. I tillegg tok den for seg endring av SLA for system som vart spesielt kritiske for verksemdene under pandemien, og vurderingar og prioritering av endringsaktivitetar som kunne utgjere ein risiko for stabil drift.

Eksempel på saker som her dukka opp var større endringar i infrastruktur for å betre kapasitet og stabilitet for heimekontor/VPN-løysinga, utviding av kapasiteten for Citrix og virtualisering og sesjonsvandring for å få betre kapasitet frå heimekontor i føretaka, samt betring av GAT og andre løysingar.

Det vart òg arbeidd med å endre på Skype-lisensar slik at alle tilsette i sjukehusa kunne bruke Skype med full funksjonalitet for elektronisk samhandling i føretaka.

Understøttande initiativ til Helseføretaka

Det var mange ulike saker og problemstillingar knytt til føretaka sine behov som innføring av Microsoft Teams til massetesting med DIPS Interaktor, samt ulike initiativ og løysingar for videokonsultasjonar.

Arbeidet vart organisert slik at når ein identifiserte eit moglegheitsrom for ei løysing som ikkje vart naturleg handtert i program/prosjekt vart det oppretta eit løysingsteam. Løysingsteamet fekk så eit tydeleg mandat og frist for arbeidet samt dei ressursane dei skulle ha behov for å kunne levere.

På denne måten fekk Helse Vest IKT for eksempel på plass «på sporet av Covid 19» som er ei løysing for smittesporing i DIPS Arena. Løysinga i Imatis derimot, vart laga for å fungere på tvers av primær- og spesialisthelsetenesta.

Portefølje, program og prosjekt

Kategorien vart oppretta for å handtere dei mange avklaringane rundt endring i aktivitetane til program og prosjekt.

Her vart over 500 forskjellige løysingsforslag frå leverandørar teke hand om. Det vart òg laga ei organisering der ein kunne analysere forslaga og kategorisere dei for å sjå kva som kunne vere aktuelt å gå vidare med.

Utstyr

Ein kategori som handterte forskjellige saker knytt til leverandørar og for situasjonar der leverandør varsla Force Majeure, kartlegging av utstyr lokalt, regionalt og nasjonalt.

Leiinga arbeidde òg med utstyr og fasilitering for Koronaboratoriet i Helse Bergen og Helse Stavanger for å få auka testkapasitet i føretaka.

Leverandør – kritiske

Kategorien vart oppretta for å ivareta god dialog om pandemisituasjonen med Helse Vest IKT sine mest kritiske leverandørar.

Tilgang

Ein eigen kategori rundt saker knytt til tilgangar blei oppretta. Dette for å raskt møte endra behov i føretaka grunna pandemien.

Brannmursoppgradering, heimekontorløysing og Skype

For å møte auka bruk av Skype og heimekontorløysinga i Helse Vest måtte Helse Vest IKT betre kapasiteten. Det vart sett inn fleire serverar for reserve-VPN oppkobling og ytre brannmur vart oppgradert.

Helse Vest IKT hadde i eit halvt år førebudd seg på ei stor omlegging av den ytre brannmuren 11. mars. Dette arbeidet vart utsett.

Arbeidet måtte fort plukkast opp igjen, etter at koronaviruset spreidde seg i Noreg, og mange tilsette måtte endre arbeidssituasjonen sin og arbeide heimanfrå. 15. mars kom avdeling Tenesteproduksjon i mål med oppgraderinga av den gamle brannmuren som var frå 2011.

Nye sikkerheitsmekanismer som følgje av dette gjorde Helse Vest IKT betre rusta til å stoppe uønskt trafikk. Oppgraderinga har òg auka kapasiteten til og frå internettet betrakteleg.

Heimekontorløysinga i Helse Vest gjekk frå å tåle om lag 200 menneske på heimekontor kvar dag i Helse Vest, til å handtere over 2.600 PCar som er pålogga heimanfrå.

I tillegg til å leggje om brannmuren, har Tenesteproduksjon sytt for å gå frå ein til fire serverar på reserveoppkopling på VPN og frå ein til sju serverar på Direct Access.

Det vart og sett opp to serverar i løpet av mars månad for å betre kapasiteten på Skype. Dette kombinert med noko feilretting gjorde at Skype fekk betre kapasitet enn tidlegare.

Helse Vest IKT innførte endringsfrys

For å lette trykket i helseføretaka innførte Helse Vest IKT streng endringsfrys 12. mars på viktige kliniske system og andre relevante støttesystem.

I ein periode der sjukehusa hadde meir enn nok med å handtere pågangen knytt til koronaviruset bestemte Helse Vest IKT seg for å utsetje endringar som ikkje var absolutt naudsynt.

I denne perioden var det berre kritisk eller stabiliserande feilretting og nødvendige sikkerheitspatcher som vart godkjent. På infrastruktur var det berre stabiliserande endringar som vart godkjent.

Likevel vart det nokre prosjektleveransar i løpet av 2020, òg under den mest kritiske tida frå mars til mai.

Stor suksess med videokonsultasjon i Helse Vest

Tilbodet med videokonsultasjonar i Helse Vest har vore ein stor suksess og har fått positiv merksemd.

Då koronasituasjonen braut ut i mars var Helse Vest kjapt ute med å tilby videokonsultasjonar til pasientane i regionen.

På den måten kunne pasientar prate med legen sin heime frå sofakroken, i staden for å utsetje seg sjølv og andre for smitte ved å dra inn på sjukehuset.

Behandlaren som ønskjer å bruke videokonsultasjon må bestille eit eige virtuelt møterom som pasienten blir kalla inn til. Dette skal bidra til å sikre personvernet til pasienten.

Personvernet til pasienten har hatt høgste prioritet i prosjektet og det har blitt gjort mykje arbeid med å lage gode rutinar og strenge krav som skal sikre at ein tek i vare personvernet også ved ein elektronisk konsultasjon.



Pasientane loggar seg inn på helsenorge.no med BankID, enten via smarttelefon, PC eller nettbrett, der dei har fått tilsendt eit elektronisk innkallingsbrev.

I innkallingsbrevet ligg det ei lenkje som pasienten kan trykke på for at

løysinga skal opne seg. Møteromma blir låst under ein konsultasjon, slik at ingen andre kan kome inn i det virtuelle møterommet.

Løysinga har blitt godt teke imot av både legar og pasientar, som seier at løysinga er grei å bruke og fungerer fint som erstatning for ein vanleg konsultasjon. Sjukehusa ser stort potensial i løysinga og vil truleg halde fram med å bruke videokonsultasjonar etter at koronapandemien er over.

Reduserer smittefare med nytt digitalt kontrollskjema

Etter at kontrollskjemaet for pasientar som skal møte fysisk til time på sjukehuset vart lansert i mai har sjukehusa spart seg for mykje tid.

Tidlegare måtte helsesekretærene ringe pasientar nokre dagar før planlagt oppmøte for å svare på spørsmål om dei kunne vere utsett for smitte av covid-19. Dette var særskild tidkrevjande arbeid som gjekk utover andre oppgåver. Ofte måtte helsesekretærene ringe fleire gonger før dei fekk tak i pasienten.

15. mai vart det mogleg for pasientane å svare på eit såkalla pre-screenings-skjema via Helsenorge.no, og 18. mai vart det same skjemaet tilgjengeleg for Helse Førde og Helse Fonna.

Pasienten får SMS'ar med påminning om å svare på kontrollskjemaet 5 dagar før timeavtala og 24 timar før timeavtala. I SMS'ane vert det lenka opp til meir informasjon på føretakets heimeside. Helsesekretæren treng berre å kontakte dei pasientane som har svart ja på eitt eller fleire spørsmål.

Pasientar som av ulike grunnar ikkje kan svare på skjema via Helsenorge.no må ta kontakt direkte med avdelinga dei har time på.

helsenorge.no - Digitalt skjema for å hjelpe med operasjonsetterslep

For å få bukt med operasjonsetterslepet i skygga av korona si fyrste smittebølge, vart eit nytt digitalt pasientskjema lansert for føretaka i starten av juni 2020.

Då koronaviruset braut ut i midten av mars vart fleire viktige samfunnsfunksjonar stengt ned. I sjukehusa vart det sett i gang beredskap og fleire planlagde operasjonar og inngrep blei utsatt for å unngå for stort trykk i sjukehusa.

Etter at sjukehusa var stengt for slike inngrep og operasjonar i vekevis bygde det seg opp eit stort etterslep. For å gjere det raskare for sjukehusa å ta unna denne etterslepen vart ein leveranse av eit nytt pasientskjema på Helsenorge.no framskynda.

Det nye digitale skjemaet vart lansert i starten av juni og skal brukast i alle dei fire helseføretaka i Helse Vest, i tillegg til Haraldsplass Diakonale Sykehus.

Skjemaet sendast ut i innkallingsbrevet til pasienten, og i dette må pasientane gje ei helseerklæring. Formålet er tidleg kunne å kartleggje pasientars helsesituasjon for ei betre pe-operativ vurdering og planlegging av anestesi.

På denne måten vert føretaka spart for mykje tid når pasientar kom tilbake til sjukehusa for å få gjennomført operasjonar eller inngrep.

Når skjemaet er levert på Helsenorge.no dukkar det òg opp i DIPS som ein PDF på pasienten. Merkantilt personell varslast om dette i ein arbeidsflyt som følgjast opp. Pasientar som ikkje vil eller kan fylle ut skjema på helsenorge.no har moglegheit til å skrive ut skjemaet.

Helsenorge.no - Digitalt fødeskjema i bruk hos alle føretak

Denne hausten vart digitalt fødeskjema teke i bruk i føretaka i Helse Vest. Løysinga har forenkla arbeidsprosessen og sparar føretaka for tid.

27. november vart digitalt fødeskjema teke i bruk ved Haukeland universitetssjukehus, Voss Sjukehus, Stord Sjukehus, Haugesund Sjukehus og Førde sentralsjukehus. Stavanger Universitetssjukehus har vore pilot og har brukt løysinga sidan desember 2019.

Skjemaet som omhandlar alt frå personopplysingar til informasjon om svangerskapet vert med dette registrert direkte i Helsenorge. Dette skjer ved at pasient får lenke til skjemaet gjennom innkallingsbrev til ultralydundersøking eller via jordmor på helsestasjon.

Skjemasvaret legg seg vidare i DIPS. I tillegg vert svangerskapet automatisk oppretta i Natus av ein robot, der det òg vert laga ei oppsummering av det som er utført i eit notat.

Løysinga har til hensikt å forenkle arbeidsprosessen og spare tid for både sjukehuset og dei gravide i samband med oppfølging av svangerskap og fødsel.

Innsjekk og betaling innført i alle foretak



Innsjekk og betaling vart fyrst innført i Helse Stavanger. Innsjekk og betaling fekk ein hektisk, men vellukka oppstart i Helse Fonna, Helse Førde og Helse Bergen i haust.

Det var ikkje småtteriar som skulle klargjerast for Vel møtt - Innsjekk og betaling i oktober 2020, men

med eitt team i Bergen, eitt i Haugesund og lokale ressursar i Stavanger var prosjektet godt rusta for den største produksjonssettinga dei har hatt til no.

For medan Stavanger Universitetssjukehus fekk ankomstregistrering og køstyring via Imatis på 8 poliklinikkar, fekk alle poliklinikkane, blodprøvelaben og pasientreiser ta i bruk heile Imatis-løysinga på Haugesund sjukehus.

Helse Bergen sine poliklinikkar derimot, fekk halde fram med å få innført betalingsløysinga, og har no til saman 80 poliklinikkeiningar som nyttar seg av Imatis betalingsløysing.

Imatis innført på sengepostar i Helse Vest

Gjennom innføringa av Imatis si elektroniske tavle skal sengepostane jobbe betre og meir effektivt, saman med reinhald, portør og helsesekretærer.

Hausten 2020 starta Helse Førde, Helse Fonna og Helse Stavanger med innføring av Imatis si elektroniske tavle for sengepostar.

Nevro/revma/rehab i Helse Førde var først ut og innan året er omme skal fleire avdelingar ved sjukehuset vere i gang med Imatis. Fonna og Stavanger følgde etter. I løpet av februar 2021 skal alle avdelingane i Stavanger vere i gang med Imatis. Tilbakemeldingane frå personalet i føretaka er særskilde gode ettersom tavla legg til rette for informasjonsdeling på tvers av fag, system, avdeling og støttefunksjonar, noko helsepersonell sparar mykje tid på.

Imatis hentar informasjon frå andre elektroniske pasientsystem, og skjermen viser kva rom pasienten ligg på, status på behandling, smittestatus og kva for ein lege og sjukepleiar som har ansvar for pasienten den dagen. I praksis ser tavla ut som ein stor TV-skjerm med touchfunksjon og kan hengje på vaktrommet på posten, eller der personalet meiner det er føremålstenleg. Helsepersonell kan òg ta opp tavla på dei smarte vaktmobilane dei har med seg for å sjå på detaljar i møte med pasienten.



Helse Førde lanserte app for lungesjuka

Seksjon for Utvikling og seksjon for Innovasjon i Helse Vest IKT bidro til lansering av appen «Pust deg bedre» via helsenorge.no

Om lag 400 000 personar har ein eller annan form for lungesjukdom i Noreg og pasientgrupper er ekstra sårbar for smitte av koronaviruset.

Våren 2020 laga Helse Vest IKT og Helse Førde ein app «Pust deg bedre» som kan vere med å skjerme denne risikogrupper mot konsekvensane av koronasmitte. Då det vart klart at appen kunne vere til hjelp i denne vanskelege situasjonen var Helse Førde og Helse Vest IKT kjapp med å gjere appen tilgjengeleg for nedlasting.



Appen vart lansert i april. «Pust deg betre» bruker spelteknologi til å lære avanserte pusteøvingar til lungesjuka som normalt sett må utførast saman med fysioterapeut. Appen legg til rette for at lungesjuka får eit ekstra

hjelpemiddel til å halde seg så friske dei kan på eiga hand, og unngå unødig kontakt med andre.

Idéhavar er spesialfysioterapeut Elin Johnsen i Helse Førde, som hadde eit ønskje om å gje kronisk lungesjuka eit verktøy for å følgje opp si eiga helse.

Pusteøvingane i appen er basert på anerkjend fagkunnskap i fysioterapi, og syner dei mest effektive og skånsame pusteteknikkane som lungesjuka skal nytte for slimmobilisering. Målet er at kronisk lungesjuka skal verte betre rusta til å gjere viktige øvingar for å handtere plagsame symptom på eiga hand, slik at dei sjølv kan meistre dette.

Virtual Reality i Helse Vest IKT – eit felt i utvikling

I 2020 vart VR-feltet utvikla til eit nytt nivå i Helse Vest IKT. Eit eget VR-rom vart sett opp i Helse Bergen for behandling av barn og unge. I tillegg vart det laga ein VR-simulator for helsepersonell som driv med smittevernstrening i sjukehusa.

Det nye VR-rommet, som var på plass i tunellane under Haukeland Universitetssjukehus, er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Bergen og Helse Vest IKT, og er initiert av Lars Peder V. Bovim, leiar ved Energisenteret for barn og unge i Helse Bergen.

På det nye VR-rommet skal barn og unge få VR-behandling for angst, psykose og diverse andre lidningar, men tanken er òg at dei kan kome å få eit avbrekk frå kvardagen.

Ved hjelp av 150 ulike spel kan barn og unge reise til ein by dei aldri har vore før eller har moglegheit å dra til, spele volleyball, dra til ein fornøyingspark eller stå på slalom. At spela ofte gir ein treningseffekt for barna er ein stor bonus. Prosjektet fekk 500 000 i innovasjonsmidlar i fjor, og dette har i samråd med støtte frå Haukelands venner resultert i at VR-rommet endeleg vart ein realitet. Rommet skal brukast av idrettsterapeutar, fysioterapeutar og klinikarar til å behandle unge pasientar.

Rommet gir stor kapasitet til å behandle unge gjennom VR, og vil òg nyttast til å forske på eigen behandling for å lære meir om effektane.

Då korona-situasjonen braut ut i første halvdel av mars var det mangel på smittevernutstyr i føretaka. Helse Vest IKT utvikla derfor ein VR-simulator kor helsepersonell kan trene på bruk av smittervernutstyr.



I Helse Vest IKT sin eigenutvikla VR-applikasjon kan helsepersonell trene på korrekt handhygiene, ta på og av seg smittevernutstyret og gjennomføre prøvetaking av pasientar. Dei får òg feedback i VR-simulatoren med ein gong ein gjer noko som er feil.

Ved å bruke appen kan sjukehuset trene i trygge omgjevnader, utan å vere redd for å bli smitta. Ein kan berre ta på seg headsettet, og det er verken behov for å rydde eller vaske etterpå. For å gjere VR-brillene heilt trygge å bruke har dei blitt utstyrt med ein silikonmaske, slik at dei kan spritast mellom kvar brukar.

Ny løysing gjer at fødselsnummer vert laga automatisk

Ein ny integrasjon mellom Natus og Skatteetaten skal gjere at nyfødde barn får tildelt fødselsnummer automatisk. Helse Vest er først i landet med å teste ut denne heilautomatiske løysinga.

Tidlegare vart dei nyfødde barna liggjande med to identitetar i DIPS, og identitetane måtte koplast manuelt når fødselsnummeret var klart. Det er det no slutt på. Helse Vest vart i 2020 pilot på ei ny teknisk løysing hos Skatteetaten som gjer at fødselsnummeret vert prosessert med ein gong eit born er fødd.

Det er ein robot som genererer fødselsnummeret, før det kjem tilbake via Norsk Helsenett til DIPS, og derfrå vidare til andre fagsystem som abonnerer på denne typen informasjon.

For klinikaren betyr det at berre nokre minutt etter at fødselsmeldinga er sendt, får barnet eit fødselsnummer i Natus. Den lynkappe tildelinga av fødselsnummer betyr betre pasientsikkerheit, mindre risiko for feil og mindre forvirring ved rekvirering av prøver og merking av barn.

LIBRA – Opplæring i LIBRA/SAP for føretaka

Som eit ledd i å auke kompetansen for føretaka som skal ta i bruk LIBRA/SAP, hadde Helse Vest IKT superbrukar- og instruktøropplæring i LIBRA 1 i august og september.

Med heile 21 dyktige instruktørar frå Helse Vest som kunne overføre sin kompetanse og erfaringar til nye superbrukarar og instruktørar i føretaka, var Helse Vest IKT godt rusta for kursa som skulle haldast hausten 2020.

I utgangspunktet var planen å ha fysisk oppmøte og klasseromsundervisning for alle ressursane i Bergen, men etter eit beredskapsmøte i Helse Vest 10 august vart det avgjort at ikkje ein bør ha samlingar på tvers av føretaksgrensar grunna dåverande smittesituasjon.

LIBRA-opplæringa måtte derfor gjennomførast elektronisk, men med fysisk samling i kvar by for dei fleste kursa. Å ha kursa virtuelt i staden for fysisk var ifølgje kurshaldarane og deltakarane ikkje heilt ideelt, fordi læringsutbytte ikkje såg ut til å vere fullt så godt som når ein får fysisk opplæring.

Kursa var starten på eit kompetanseløp for å byggje nye superbrukarar og lokale instruktørar i føretaka i Helse Vest som skal ta i bruk eit heilt nytt system.



Innovasjonspris for Specbase-løysing

Spesialingeniør Ralf Kellmann fekk i 2020 tildelt Helse Vest sin innovasjonspris for SpecBase, ei løysing utviklarane i Helse Vest IKT har arbeidd med saman med Helse Bergen i fleire år.

SpecBase er namnet på systemet som skal halde styr på ein stor del av prøvedata på Hormon-laboratoriet i Helse Bergen. Løysinga samlar nemleg alle data til prøvene som vert køyrt gjennom massespektrometrimaskinane på Hormonlaboratoriet i Helse Bergen, anten det er ei blodprøve, urinprøve eller spyttprøve.

I november 2020 fekk spesialingeniøren og hjernen bak SpecBase, Ralf Kellmann, tildelt Helse Vest sin innovasjonspris. Med seg på laget har han hatt Helse Vest IKT sine utviklarar Morten Salomonsen, Arvid Kleppe og Andreas Flesland, som har samarbeidd tett med Helse Bergen sine tilsette på Hormonlaboratoriet.

Programmet har sett strek over alt som heiter Excel-ark og minnepennar og har redusert risikoen for feil og har letta kvardagen til dei tilsette på laboratoriet betrakteleg.

1.2 Overordna strategi for verksemda - Helse 2035 med tilhøyrande tiltaksplan

Strategiplanen «Helse2035» for Helse Vest RHF gjev retning for arbeidet til Helse Vest IKT. Helse2035 beskriv på eit overordna plan korleis vi skal utvikle spesialist-helsetenestene på Vestlandet fram mot 2035.

Fylgjande er henta frå samandraget i Helse2035 og gjev eit godt bilete av utfordringane som ligg framfor; *«Ei god og effektiv tilnærming til det heilskaplege pasientforløpet krev innføring og bruk av ei solid digital plattform og bruk av nye teknologiske løysingar. Då kan vi yte tenestene nærmare pasienten – ofte der folk bur og oppheld seg. Alle aktørane i helsetenestene må kunne dra nytte av dei same IKT-løysingane. Pasientane skal òg bidra meir aktivt enn før, og sjølvbetening, eigenrapportering, automatisering, virtuelle tenester og robotisering av arbeidsprosessar skal vere regelen heller enn unnataket. Sensorar, stordata og diagnostikk i sanntid vil, saman med nye medisinar og medisinske metodar, gi høgare kvalitet og lågare ressursbruk.»*

Gjennom 2020 har Helse Vest IKT delteke i ei rekkje nasjonale, inter-regionale, regionale og lokale program og prosjekt som i sum skal bidra til realisering av Helse 2035.

2 Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS

2.1 IKT utvikling og digitalisering

Helse Vest RHF ber Helse Vest IKT om å:

- bidra i det nasjonale arbeidet og sjå til at felles løysingar kjem på plass.

Helse Vest IKT har delteke aktivt i det nasjonale og det inter-regionale samarbeidet innanfor IKT-området.

- sikre tilgangar og system på ein forsvarleg måte

Helse Vest IKT har ansvar for IKT-sikkerhet i føretaksgruppa Helse Vest RHF. Det har i 2020 vore eit særskilt fokus på dette arbeidet gjennom forvaltningsrevisjon utført av Riksrevisjonen i fyrste kvartal 2020. Helse Vest IKT har gjennomført ei rekkje tiltak for å utbetre funn gjort av Riksrevisjonen. Administrasjonen har rapportert på dette i kvart styremøte i 2020. Det er i tillegg sendt kopi av alle styresakene til helseføretaka og dei private, ideelle føretaka til informasjon.

2.1.1 Helsefellesskap

Helse Vest IKT AS skal understøtte føretaka sine krav om å:

- innrette sitt samarbeid med kommunane i tråd med mål og rammer fastsett i NHSP og i tråd med avtale mellom regjeringa og KS av 23. oktober 2019 om innføring av helsefellesskap.

Helsefellesskapa er kome noko ulikt i gang i med etablering og planleggingsprosess. Fleire av dei prøver med gjenbruk av tidligare strukturar. Helse Vest IKT deltek i fleire samarbeidsfora der helseføretaka og representantar for kommunale nettverk deltek.

- setje konkrete mål for kompetansedeling saman med kommunane i helsefellesskapa.

Digvest var eit samarbeidsprosjekt som kunne ha vore eit godt reiskap for planlegging av aktivitetar og erfaringsutveksling mellom helsefellesskapa. Prosjektet blir no omstrukturert, jfr punktet nedanfor.

- gje innspel til neste nasjonale helse- og sjukehusplan saman med kommunane i helsefellesskapet.

Helse Vest IKT har delteke i det inter-regionale samarbeidet innanfor IKT-området for å fylgje opp den nasjonale helse- og sjukehusplanen. Det har vore gjennomført eit forprosjekt saman med KS i fylka Rogaland og Vestland. Konklusjonen frå dette arbeidet er forslag til «lavt hengande frukter» for vidare

utvikling av løysingar mellom kommunane og Helse Vest vert fylgt opp gjennom eit tema-for-tema samarbeid mellom KS e-komp Vest og relevante initiativ (prosjekt/forvaltning) i Helse Vest.

2.1.2 Utviklingsplanar

Helse Vest IKT AS skal understøtte føretaka sine krav om å:

- prioritere utvikling av tenester til pasientar som treng tenester frå både spesialisthelsetenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dette planarbeidet skal vere tufta på felles planlegging og utvikling i helsefellesskapa. Barn og unge, vaksne med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem, skrøpelege eldre og personar med fleire kroniske lidningar skal prioriterast i dette arbeidet.

Helse Vest IKT bidrar sterkt i programmet Alle Møter som har ansvar i Helse Vest for både utvikling av nye innbyggartjenester og forbetring av intern ressursstyring for å gi betre tenester til pasientane. Helse Vest IKT har ansvar for forvaltninga av løysningar som vert levert at dette programmet. I pandemisituasjonen har til dømes Helse Vest IKT lagt ned eit stort arbeide med å auke volumet av videokonsultasjonar for pasientar. Helse Vest IKT deltek også i innovasjonsprosjekt som til dømes INTROMAT der tenester utvikles blant anna for barn og unge. Helse Vest IKT er ein pådrivar i arbeidet med ein meir heilskapleg innsats på digitale helsetenester.

- setje konkrete mål for flytting av tenester heim til pasientane ved hjelp av teknologi.

For nødvendig auking av videokonsultasjonar i pandemisituasjonen har det vore ein sterk innsats frå Helse Vest IKT, som i tillegg til løysningar og teknologi også etablerer betre støttetjenester både til pasient og til helsepersonell. I arbeidet med ein meir heilskapleg innsats på digitale helsetenester har Helse Vest IKT fokus på at det må definerast mål og KPIer for at vi skal lukkast med satsinga.

2.2 Betre journal og samhandlingsløysing

Helse og omsorgsdepartementet bad dei regionale helseføretaka om at:

- Helse Midt-Norge tek ei leiarrolle for helseregionane i arbeidet med standardisert språk, SNOMED CT. Alle dei regionale helseføretaka skal bidra i arbeidet i tråd med avtalar med Direktoratet for e-helse, som leiar arbeidet med å etablere felles standardisert språk og kodeverk i helse- og omsorgssektoren. Ved kjøp bør dei regionale helseføretaka stille krav om bruk av felles språk og kodeverk.
- Helse Sør-Øst tek ei leiarrolle for helseregionane i arbeidet med å gjere journaldokument tilgjengeleg mellom verksemdar, regionar og nivå via kjernejournal. Dette krev samarbeid med dei andre regionale helseføretaka, Direktoratet for e-helse og Norsk Helsenett SF. Dei regionale helseføretaka skal i samarbeid utarbeide ein samla tidsplan for dokumentdeling via kjernejournal

